



ANNONSE

ANNONSE



UNNAGJORT FORPROSJEKT. Torunn Hønsi i Vestlandsforskning (t.v) og Dagny Alvik i SIMAS smiler etter eit forprosjekt som gav resultat som svara opp til forventningane. Foto: SIMAS

Vil satsa på biokol i Sogn: – Svært gunstig i jordbruksamanheng

SIMAS og Vestlandsforskning har forska på biokol. Dei meiner det er potensial i Sogn.

Håkon Østerbø
JOURNALIST

Toralf Larsen Vallestad
JOURNALIST

PUBLISERT **Søndag 05. desember 2021** - 15:45



– Det er absolutt målsettinga å få etablert ein produksjon i Sogn, seier Dagny Alvik HMS og Kvalitetsleiar i SIMAS.

Etter eit forprosjekt saman med Vestlandsforskning med store forhåpningar, har SIMAS no fått opp augo for eit biokolanlegg i Sogn. Dei meiner at potensialet er stort.

Vil satsa

Prosjektet har gjeve resultat dei hadde håpa på.

– Bruken er i ferd med å bli utbreidd. Til dømes i utbygginga i Gravensteinsgata no er det brukt biokol i blomstergatene der, seier Alvik.

På sikt er sjølv føremålet å bli grønare. Biokol blir til ved at ein brenn biologisk materiale i ein pyrolyse.

Dette materialet er avfall som ein ikkje får brukt annanstad. Resultatet blir ei masse som liknar kol, men med meir stabile karbon.

– Tilset ein naturgjødsel i prosessen, vil ein få eit produkt som er svært gunstig å bruka i landbruksamanheng. Det gjev ein veldig god jordstruktur.

Kvifor?

Biokolet har god bindingsevne ifølgje Alvik. Det har stor kapasitet til å binda vatn og næring. Såleis kan det koma godt med under både turrare og våtare periodar.

SIMAS ser føre seg at dei kan nytta mellom anna kompostrestar til produksjon



HAUGEVIS: Her blir kompost og biokol blanda i haugevis. Foto: SIMAS

– Eit anna godt døme er flisa som blir liggjande att etter dei som jobbar med vegrydding i fylket. Det er òg noko me kan bruka til å laga biokol.

Etter ei revidering av forprosjektet er Alvik særers positiv til å gjera ei omstilling.

– Til no har me berre drive eit forprosjekt for å undersøka. Men det har vist seg at dette absolutt har noko føre seg. Dett prosjektet har ein veldig enkel og effektiv bruk som kan gje veldig gode resultat.



LIKFNAR: Biokol minner om alminneleg kol, men har betre bindingsevne. Foto: SIMAS

KLIMA OG MILJØ | INDRE SOGN | BIOKOL | VESTLANDSFORSKING | NYHEITER | SIMAS

□□□

ANNONSE




Meiner trafikkløysingane i tunnelen er for dårleg: – Kaotisk



PLUSS



Sabrina såg ei jenta kollapsa under konserten: – Folk var urolege frå starten av



PLUSS



Helseministeren: – Kan komme fleire og strengare tiltak denne veka



PLUSS

May-Britt har opplevd ras på nært hald fleire gonger – no krev bygda trygg veg



PLUSS

Siw tilbyr noko ikkje alle frisørar tilbyr: – Ein stor del av jobben er å vera eit medmenneske

Ledige stillinger:



[Alle ledige stillinger](#)




Dorota (41) elsker jobben sin: Her er dei beste tipsa hennar



Å bety noko for andre. Det gjer livet verdt å leve



Vil satsa på biokol i Sogn: – Svært gunstig i jordbruksamanheng



Mann var valdeleg mot naboen sin, som brakk både brystbein og ribbein



No er skøytebana tilbake: – Ein paradisplass



Mengis vert ikkje trudd i retten. No tek dei fatt på andre omgang i kampen om flyktningstatus



Ordensforstyring fleire stader i Sogn: – Når det er fest og rus, er det alltid nokon som ikkje klarar å styra seg



Bakke om oppturane, nedturane og saknet etter faren:– Eg veit nok at han følgde med



Flytande badstove vart ein suksess. Torgeir har trua på framtida: – Flåm er mekkaet for nordmenn på ferie



Dette meiner politiet du burde gjere om du opplever seksuell trakassering på julebord: – Grensa for kva folk kan handtere sjølve er varierende



Det er duka for ei sjelful julekonsert: – Ingenting betre enn å spela for årdølene




Sogndal G-16 er klare for Skandinavisk meisterskap

Jon Navarsete



FN meiner problemstillinga treng internasjonal merkeemd. Frå Sogndal leitar Torbjørn (31) etter svar



Marit og Sindre får betalt utdanning. Dei trur ordninga kan vere avgjerande for lokalsjuehusa



Roger (30) har funne draumejobben. No håpar han å setje forsøpling på dagsorden i Sogn

- REDAKTØR
[Ola Skram](#)
+47 415 77 725

- ADRESSE
Farnesvegen 3
Postboks 92
6884 Øvre Ardal

- [Kontakt oss](#)

- Rett spørsmål, tips og anna mot tips@porten.no eller 480 13 131.

- Sjå [annonseinfo](#) eller kontakt marknad@porten.no for gode tilbod.

- Porten.no er ei partipolitisk uavhengig nettavis for Indre og Ytre Sogn.

- Me har forplikta oss til Redaktørplakaten og Ver Varsom-plakaten. Les meir om avisa [her](#).

- [Personvern og Informasjonskapslar](#)